

Helse Fonna HF
Postboks 2170
5504 Haugesund


29 FEB 2016

Deres ref:	Vår ref: 2016/2579 - 15060/2016	Saksbehandler: Hanne Løvereide Årstad 51963803	Dato: 26.02.2016
-------------------	---	--	----------------------------

Protokoll fra foretaksmøte i Helse Fonna HF 10.februar 2016

Vedlagt følger protokoll fra foretaksmøte i Helse Fonna HF onsdag 10. februar 2016.

Vennlig hilsen


Hanne Løvereide Årstad
seniorrådgiver

Vedlegg

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: post@helse-vest.no

PROTOKOLL

FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE FONNA HF

Onsdag 10.februar 2016 kl 16.10 blei det halde føretaksmøte per telefon i Helse Fonna HF.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Val av styremedlemmer, jf helseføretakslova § 21
4. Fastsetting av styregodtgjering, jf helseføretakslova § 21. tredje ledd

Frå Helse Vest RHF møtte: Terje Vareberg, styreleiar

Frå styret møtte: Kjell Arvid Svendsen, styreleiar

Frå administrasjonen møtte: administrerende direktør Olav Klausen

Også tilstades: Herlof Nilssen, administrerende direktør Helse Vest RHF
Ivar Eriksen, eigardirektør

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Terje Vareberg, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Kjell Arvid Svendsen og Terje Vareberg blei valt til å underskrive protokollen.

Terje Vareberg overlet møteleiinga til Kjell Arvid Svendsen

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3. Val av styremedlemmer, jf helseføretakslova § 21

Det blei gjort greie for eigar sitt forslag til styre. Styret blir i sin heilhet gjenvald. Kjell Arvid Svendsen blir gjenvald som ~~nest~~leiar og Brian Bjordal som nestleiar.

Føretaksmøte gjorde følgjande vedtak:

Følgjande personar blir oppnemnde som representantar til styret i Helse Fonna HF:

Kjell Arvid Svendsen, styreleiar
Brian Bjordal, nestleiar
Gunnar Birkeland, styremedlem
Liv Karin Eskeland, styremedlem
Solfrid Borge, styremedlem
Hilde Christiansen, styremedlem

Sak 4. Fastsetting av styregodtgjering, jf helseføretakslova § 21. tredje ledd

Føretaksmøtet skal etter helseføretakslova § 21 tredje ledd fastsette godtgjersle til styret.

Helse- og omsorgsdepartementet har for inneverande år gjort endringar i styregodtgjeringa for Helse Vest styret. Tilsvarende regulering av styregodtgjering blir gjort for medlem av helseføretaka sine styre.


Føretaksmøtet fastset styregodtgjeringa for 2016 til:

Styreleiar kr. 183.000,- per år
Nestleiar kr 129.000,- per år
Medlemmer kr. 104.000,- per år.

Varamedlemmer får ei godtgjering tilsvarende 4 % av ordinært styrehonorar per møte.

Haga, den 12.02.16


Kjell Arvid Svendsen

Stavanger w/2-2016
, den _____

Terje Vareberg